

Fitjar Kyrkjelege Fellestråd  
Postboks 10  
5418 FITJAR

Fornyings- administrasjons- og kirkedepartementet  
Kirkeavdelingen  
Postboks 8004 Dep  
0030 OSLO

## **ENDRINGAR I GRAVFERDSFORSKRIFTA. HØYRING.**

Fitjar Kyrkjelege Fellestråd har følgjande kommentarar til høyringa:

### **Til punkt 3 Tilpassingar til . . . i høyringsdokumentet:**

*Svar: Der gravplassen ligg like inntil eller rundt kyrkja, er det naturleg å halda på uttrykket Kyrkjegard. På stader der gravplassen ligg med avstand til kyrkja, foreslår me uttrykka gravlund/ gravplass. I Fitjar er kyrkja omslutta av gravfelt på alle sider, og det er ikkje andre gravplasser i kommunen. Her vert namnet Fitjar kyrkjegard vidareført.*

### **Til punkt 3.3 - - kravet om kiste.**

*Svar: Det bør ikkje dispenserast frå kravet om kiste ved gravlegging og kremasjon.*

### **Til punkt 7.2 Grunnvann og drenering.**

*Svar: Ja. Bispedømerådet skal gi si godkjenning.*

### **Til punkt 7.3 Kistegrav.**

*Svar: Me støttar fullt ut at krav til jordoverdekning vert redusert til 80 cm.*

### **Til punkt 7.3.2 Fravikelse av størrelsen til kistegrav.**

*Svar: Me rår sterkt frå å gi dispensasjon frå standard storleik på kistegrav.*

### **Til punkt 8 Gravlegging.**

*Svar: Yrkedagar: Det er rett å rekna mandag til fredag som yrkedagar. Ikkje laurdag.*

*Ellers er det rett og nødvendig at Fellestrådet har endeleg mynde til å fastsetja gravferdsdag, og at avgjerda ikkje kan påklagast.*

### **Til punkt 10: Gravminne.**

*Svar: Generelt: Det er ein styrke for alle involverte at praksis vert mest mogeleg einsarta. Eventuelle dispensasjonar bør gjevast av Fellestrådet.*

### **Til punkt 10.3 Godkjenningssordning.**

*Svar: I Fitjar har me svært blanda erfaring med sjøve monteringsarbeidet til steinleverandørane. Det er ynskjeleg med ei utvida formulering på dette punktet:*

***Forslag: "Gravminnet skal plasseres på anvist plass ved merkepinne plassert i fundamentets bakre senter. Montering av gravminnet skal skje i henhold til skriftlig veiledning fra lokal gravferdsmyndighet."***

Fitjar, 29. oktober 2012.

---

Rasmus Fitjar, leiar Fellestråd

---

Harald Johan Sandvik, kyrkjevevje.